



Finnøy kommune
Plan og forvaltning

SPESELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

Strategi for Finnøy kommune for 2017 - 2020



Vedtatt i sak 008/17 i Forvaltningsstyre den 24.01.2017.

SMIL - STRATEGI FOR BRUK AV MIDLANE I FINNØY FOR 2017 - 2020.

I 2004 fikk kommunane ansvaret for forvaltning av økonomiske virkemidler innanfor miljø og kulturlandskap i landbruket. Dette er likevel rent statlege tilskot som utbetalast og kontrollerast av Fylkesmannen i Rogaland. Det er Fylkesmannen som gir kommunane ein årleg ramme for tildeling av tilskot.

Føremålet med tilskotsordninga er å fremma natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap, og redusera forureininga frå landbruket. Målgruppa er aktive bønder og eigarar av landbrukseigedomar, og ordninga gjelder berre etablering av tiltak, ikkje drift av slike.

Kommunen får ein årleg ramme til disposisjon frå Fylkesmannen. Fordelinga mellom kommunane skjer blant anna på grunnlag av kommunane sin fleirårig tiltaksstrategi. Kommunens prioriteringar skal baserast på lokale utfordringar og nasjonale og regionale strategiar. Samla tilskot til prosjekter i Finnøy har ligga mellom 320-700 000 kr. årlig dei siste åra. Finnøy har laga strategiar for bruk av SMIL-midlar tidlegare i 2004, 2006, 2008, 2009, 2010, 2013 i tillegg til denne rulleringa i 2017.

Finnøy kommune har strategiar for natur- og kulturlandskapsforvaltning, kulturminnevern og andre miljøverntiltak nedfelt i følgjande politisk vedtekne dokument:

- ⊗ Kommuneplan – langsiktig arealdel føresegner og retningslinjer 2014 - 2026
- ⊗ Kommuneplan for Finnøy kommune 2014-2026 - Samfunnsdel
- ⊗ Strategisk næringsplan for Stavangerregionen

I tillegg kjem desse planane og dokumenter:

- ⊗ Regionalt miljøprogram for 2016
 - a. Ivareta prioriterte kulturlandskap
 - b. Biologisk mangfald
 - c. Tilskot til kulturminne og stølsområdet
 - d. Tiltak for å hindre arealavrenning
 - e. Tilrettelegging og vedlikehald av tursti og stølsveggar
 - f. Andre miljøtiltak
- ⊗ Plan for friluft, idrett, naturvern, kulturvern FINK
- ⊗ Regionalplan for landbruk i Rogaland, vedtatt juni 2011
- ⊗ Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland (2016-2021)
- ⊗ Regionalt tiltaksprogram vannregion Rogaland (2016-2021)
- ⊗ Landbruks- og matpolitikken, Meld.St. 9 (2011-2012) (Landbruksmelding)

Eksisterande strategidokument.

Kommuneplan:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2014 – 2026, kap. 8 Natur, kultur og miljø/klima.

8.1 Ståstad og utfordringar

Unik natur med eit variert kulturlandskap gjer Finnøy til ein svært attraktiv kommune både for busetnad, variert næringsaktivitet og fritidsaktivitet (hytteliv og båtturisme). Kommunen kan på same tid profilera seg som ein av dei mest vekstkraftige landbrukskommunane i landet og tilby bustadtomter i idylliske, landlege og sjønære område. Kort avstand til Stavanger gjer det fullt mogleg å bu i Finnøy og arbeida på Nord Jæren. Strandsona strekkjer seg frå holmar og skjer ut mot ope hav til lune vikar og skogklede små- øyar inne i smult Ryfylkefarvatn. Via Ryfylke Friluftsråd er betydelege område sikra til friluftssareal og naturreservat.

Finnøy har mange faste kulturminne, herunder to middelalderkyrkjer i stein frå 1100-talet og ei renessansekyrkje i tømmer frå 1636. I profilering av Finnøy som opplevingskommune har det dei siste åra blitt satsa mykje på kombinasjon av lokal kultur, natur og næring (eks: Tomatfestivalen, "Vandring i bedehusland").

I Finnøy handlar miljø- og klimautfordringar m.a. om å ha fokus på kva vi kan gjera for å bidra til reduksjon av klimautslepp, kamp for matjorda, energiøkonomisering, auka bruk av fornybar energi, reduserte utslepp frå landbruk og havbruk, meir miljøvennlege kommunikasjonar og førebygging med tanke på ekstremver.

Innanfor satsingsområdet natur, kultur og miljø/ klima ser vi i Finnøy framover fleire utfordringar:

- *Strandsone og produktiv landbruksjord representerer ein unik ressurs i kommunen. Vekst, utbyggingspress og meir friluftsliv/båtturisme kan gi grunnlag for interessekonfliktar og auka press mot desse områda.*

Mål i perioden 2014 – 2026, frå samfunnsdelen avsnitt 8.2. og 8.3.:

8.2 Dette vil vi:

Finnøy skal vera ein opplevings- og miljøkommune med unik og variert kystnatur, sunn kombinasjon av busetnad og friluftsliv og mykje lokalt forankra kultur som varemerke.

8.3 Slik vil vi m.a. gjera det:

Natur:

- * *Finnøy skal ut frå nærings- og klimaomsyn framleis praktisera eit sterkt jordvern. Kommunen skal gjennom si rolle som landbrukspolitisk aktør medverka til langsiktig tryggleik for at produktive landbruksareal ikkje blir omdisponerte til*

andre føremål.

- * Kommunen skal gjennom forvaltning av lokale naturressursar leggja til rette for den allmenne ferdselsretten langs strandsona. Områda langs sjøen skal vera ein viktig ressurs for både fastbuande og hyttefolk/båtturistar i forhold til folkehelse, landskap, naturoppleving og biologisk mangfald.
- * Gjennom samarbeid mellom kommune, grunneigarar, grendelag, andre lokale aktørar og regionale instansar som Ryfylke friluftsråd skal det leggjast til rette for aktiv bruk av turstiar og andre natur- og friluftsområde i alle delar av kommunen. All tilrettelegging skal skje med basis i i prinsippet om universell utforming.

Kultur:

- * Kommunen si rolle som kulturaktør skal gradvis utvidast, med fokus på kulturformidling gjennom biblioteket og kulturminneoppgåver. Utarbeiding av lokal kulturminneplan skal vurderast tidleg i planperioden.

Strategi for bruk av midlar til SMIL-tiltak.



Finnøy kommune har store verdier med tanke på naturlege og kulturskapt landskap, fornminne, verneverdige bygningar, og landbrukspåverka kulturlandskap som det er viktig å forvalte på ein rett måte til nytte for framtidige generasjonar.

Kommunen har 14 område som er verna etter naturvernloven. I desse områda har ofte den enkelte grunneigar hogst- og beiterettar. Det er særleg aktuelt med SMIL-tiltak i LNF-F områda med særlege friluftsinnteresser og i LNF-områda som ligg i tilknytning til freda og sikra område. Grunneigarinitiert skjøtsel i freda område kan og vera aktuelt.

Regionalplan for landbruk Rogaland: 'Vassforskrifta som er innført er ein oppfølging av EU sitt vassdirektiv, og utfordrar landbruket til å drive enno meir miljøvenleg. Utfordringa ligg i å redusere næringsavrenninga til vassdraga. Målet er å oppnå god økologisk tilstand i alle vassdrag. God økologisk tilstand inneber at det ikkje berre er dei kjemiske faktorane som avgjer kvaliteten til ein vassførekomst, men og dei biologiske faktorane.'

Finnøy har nest størst husdyrtettleik per daa godkjent spreieareal i Norge og størst per daa dyrka mark (NILF, 2011). I 2015 blei det gjennomført ei kartlegging av aktuelle frivillige tiltak i nokon utvalde vassdrag i kommunen ved bruk av SMIL-midlar. Dei føreslåtte tiltak skal gjennomførast med tilskot frå SMIL-ordninga. Finnøy er den største tomatkommunen i landet med om lag 35% av den norske tomatproduksjonen. De fleste veksthus har fram til nå ikkje installert resirkuleringsanlegg. Her er det eit betydeleg potensiale for å redusere avrenning frå veksthus til vassdrag.

Med bakgrunn i vedtekne planer Kommuneplan, Regionalplan for landbruk i Rogaland, Regional plan for vannforvaltning i Rogaland, og FINK, samt, Landbruksmelding frå Stortinget vert Finnøy kommune sin strategi for bruk av SMIL tiltak desse:

Aktuelle tiltak:

1. Kulturlandskapstiltak



1.1. Fremme tilgjenge for allmenta i kulturlandskapet, samt tiltak som aukar opplevingsverdien av kulturminne og kulturmiljø i inn- og utmark. Turstier som fellestiltak som fører til betre nettverk vil bli prioriterte.

Naturvennlig tilrettelegging av badeplassar og opparbeiding og merking av parkeringsplassar i tilknytning til badeplassar.

1.2. Tiltak for å rydde og opne **gammal kulturmark**. Det er ein føresetnad at tradisjonell drift i form av beiting eller slått vert gjenopptatt etter rydding. Skjøtselsplan for vidare drift av området skal leggest ved i søknaden. Område som er verna etter naturvernlova vil bli prioriterte. Området skal har

spesielle verdiar for naturmangfald eller kulturminne.

1.3. Stimulera til skjøtsel av **biologisk mangfald** til dømes på lynchhei og naturbeite (inkluderer tilrettelegging for beiting, kor det er spesielle verdiar for naturmangfald), artsrik slåtteng (også etablering) og myr som gror igjen. Skjøtselsplan for vidare drift av området skal leggest ved i søknaden.

Avtaler om drift som fremmar hekkeforhald for enghekkande fuglearter (spesielt åkerriksa) i aktuelle områder. Samarbeidsprosjekt over fleire eigedomar vil vere prioriterte.

1.4. Setta i stand freda og/eller verneverdige bygningar som kan nyttast til næringsutvikling hos den enkelte bonde.

Tiltaket skal bevare mest mogleg av bygningen sin opphavlege karakter:

- ✓ reparasjon framfor heil utskifting
- ✓ tilskot vil hovudsaklig bli gitt til utvendige tiltak
- ✓ viktig å nytte materiale og handverksteknikkar som har vore brukt på bygningen før.
- ✓ bygningar som er registrerte som A- og B-objekt i SEFRAK-registeret vil bli prioriterte
- ✓ planar for restaurering av eldre bygg skal vere utarbeidd og godkjent av, eller laga etter råd frå fagfolk innanfor restaurering.



2. Forureiningstiltak

2.1. Det kan gis tilskot til opparbeiding av **reinseparker/fangdammar**. Anlegg med høy kostnadseffektivitet skal prioriterast. Plassering i nedbørsfelt, der det er fare for avrenning av næringsstoff m.m. vil bli vurdert.

2.2. Tiltak for å redusere avrenning frå veksthus

2.3. Hydrotekniske tiltak

2.4. Opne lukka bekker

Opne bekkar har ein positiv effekt på biologisk mangfald og aukar moglegheit for naturleg reinsing av næringsstoff og partiklar i bekken.

2.5. Samarbeidsprosjekt om **landbruksavfall** med særleg fokus på veksthusavfall.

Det kan gis tilskot til fleire type tiltak som bidrar til å redusere eller hindre ureining i vassdrag. Det kan bare gis tilskot til etablering av tiltak, ikkje til drift av desse. Ved tildeling skal ein legge vekt på arbeidet i vassregion Rogaland og vassområdet Ryfylke.

3. Planlegging og tilrettelegging: Det kan gis tilskot til planlegging av større tiltak og fellestiltak, bl.a. til skjøtsels- og forvaltningsplanar, inkludert turstikart.

Presisering

Lista ovanfor er ikkje uttømmende. Andre tiltak som fell under føremålet i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket kan og vere aktuelle.

Viktig:

Det vert ikkje gitt tilskot til tiltak som er påbegynt før søknaden er godkjent. Tilskotet skal vera utløysande for prosjektet.

Korleis nå målsetjingane

- Oppfølging og rettleiing til aktuelle søkjarar
- Informasjon om SMIL midlar generelt og målretta spesielle ordningar innanfor SMIL per e-post direkte til de som driver. Dette har vist seg å vere spesielt effektiv.



- Informasjon på kommunens heimeside
- Informere om ordninga og kunngjøre søknadsfrist i Øyposten
- Samarbeida med Norsk Landbruksrådgiving Rogaland (NLR) om aktuelle tiltak.
- Møter med dei lokale Bondelaga om ordninga med spesiell fokus på tiltak mot forureining i vassmiljø
- Presseomtale av positive prosjekter

Målgruppe.

Kven som kan søke på dei ulike ordningane går fram av føresegnene nemnt i innleiinga:

- Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Satsingsområder

Tiltak for å hindre forureining av vassdrag:

I samband med iverksetting av vassdirektiva vil tiltak for å hindre forureining av vassdrag bli eit stort nytt satsingsområde i Finnøy kommune. Finnøy kommune er ein av dei kommunar i landet med størst husdyrtettleik. Det førar til utfordringar med næringsavrenning til vassdrag. Sjølv om dei fleste vassdrag i kommunen er nokså små (øykommune) er det ein god del vassdrag som har dårlig og moderat tilstand, både i ferskvatn og kystvatn. Arbeidet skal gjennomførast i takt med arbeidet i vassregion Rogaland og vassområdet Ryfylke, med forvaltningsplan og tiltaksprogram vedtatt i 2015. I 2015 blei det gjennomført kartlegging av frivillige tiltak mot avrenning frå landbruket med SMIL midlar i Finnøy kommune. Denne kartlegginga skal brukast som grunnlag for søknadar om SMIL-midlar for tiltak som reduserer avrenning frå landbruket.

Turstiar:

Finnøy kommune held på med eit større turstiprosjekt, som skal resultera i gode turstiar/turstinettverk på alle øygrupper i kommunen. Kommunen har fått midlar til skilting og gradering av turstiar gjennom Gjensidige Stiftelsen sin Vestlandsprosjekt. og nå nasjonal turskilt prosjekt i fleire omgangar for ulike deler av kommunen. Prosjektet er avslutta på de fleste øyar, men er fortsatt pågåande på Ombo og Finnøy. I samband med dette må ein del stiar rehabiliterast eller oppgraderast. På nokre plasser må det lagast nye stiar for å få eit samanhengande nettverk av turstiar. Til denne fysiske tilrettelegginga av turstiane skal det brukast SMIL-midlar. I de nærmaste åra er dette fortsatt eit viktig satsingsområde i Finnøy kommune. Etter dette burde det vere eit fint turstinettverk på plass i heile kommunen og mindre behov for SMIL-midlar til turstiar i framtida.

Søknad/saksbehandling

Søknad

- Søknad skal skrivast på fastsett søknadsskjema frå SLF og skal ha følgjande vedlegg:
- Kart over eigedomen som viser kor tiltaket er lokalisert
- Beskriving av prosjektet
- Spesifikasjon av nødvendig arbeid
- Teikningar (gjelder bygningar)
- Spesifisert kostnadsoverslag. Kostnadsoverslag skal innehalde ein spesifisert oversikt over ulike materialkostnadar, innleidd arbeid og eigeninnsats
- Eventuell fotodokumentasjon
- Godkjent gjødslingsplan og sprøytejournal må vere tilgjengeleg

Søknadsfrist og behandling

Søknadsfrist settast til **15. mai** og **1. oktober** kvart år.

Administrasjonen gjer enkeltvedtak i den enkelte sak.

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Fylkesmannen er klageinstans jf. Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 8 og Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket §11.

Prioritering av tiltak

Ved vurdering av søknadar skal det leggjast vekt på følgjande kriterium (ikkje innbyrdes prioritert):

- reduserer forureining av vassdrag
- reduserer avrenning frå veksthus
- fremmar tilgjenge og legger til rette for bruk av områda av spesiell interesse til rekreasjon
- Fellesprosjekt
- Samanhengande lengre turstiar eller turstinnettverk
- Skjøtsel av områder av spesiell verdi for naturmangfald
- Tiltak som fremmar trua eller prioriterte naturtypar og arter
- Skjøtsel av områder med spesielle landskaps- og kulturverdiar
- samsvarar med prioriteringar i lokale, regionale og statlige planar og strategiar

Gjennomføringsfrist

Gjennomføringsfrist settast til 3 år. Etter søknad kan denne forlengast til maksimal 5 år.

Forhold til anna regelverk.

Å følgja lovpålagde krav som gjeld kulturlandskapet eller forureining, reknast som ein del av den ordinære jordbruksdrifta. Slike tiltak omfattast ikkje av SMIL-ordninga.

Sjølv om søkjar får løyvd midlar til eit tiltak er han sjølv ansvarlege for å søkja om løyve gjennom andre lovverk som omfattast av tiltaket som for eksempel plan- og bygningsloven, Friluftsløva og Naturmangfaldslova m.m.

Prioriteringar og støttenivå

Fordeling og støttenivå 2017 – 2020

Type tiltak	Maks. tilskotssats	Fordeling av disponibel tilskotsramme
		2017-2020
Kulturlandskap		30 %
Turstier/ferdsel/badeplassar	70 %	
Kulturminner/miljølandskap	70 %	
Biologisk mangfald	70 %	
Verneverdige bygningar		
SEFRAK A og B	35 %	
SEFRAK C	20 %	
Forureiningstiltak		70 %
Rensepark/fangdam m.m.	60 %	
veksthusavfall	60 %	
Resirkulering veksthus	60 %	
Hydrotekniske anlegg	60 %	
Planlegging/tilrettelegging	100 %	

For de ulike tiltakstypene kan det gis støtte inntil ein nærmare bestemt prosent av godkjent kostnadsoverslaget, som vist i tabellen over. Tabellen viser også fordeling av SMIL-midlane blant dei ulike tiltakstypar. Det kan bli nødvendig å omfordele midlar noko mellom tiltakstypar, basert på innkomne søknadar.

Støttenivåa er retningsgivande, og spesielt gode prosjekt kan gis høgare tilskot. Prosjekt som er mindre viktig, eller som også får midlar gjennom andre ordningar, kan avslåast eller gis lågare tilskotssats. Ved svært kostbare tiltak, vil den avgrensa ramme som kommunen har til rådighet føre til at tilskotssatsen må reduserast.

Vedlegg

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Fastsatt av Landbruksdepartementet 4. februar 2004 med hjemmel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18.

§ 1. Formål

Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.

§ 2. Virkeområde

Forskriften gjelder for prosjekter/tiltak på landbrukseiendommer jf. jordloven § 12, samt i områder vernet etter lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) og lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

0 Endret ved forskrift 17 feb 2015 nr. 132.

§ 3. Vilkår

Tilskudd kan innvilges til foretak der det foregår en tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseiendommen, og som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4. Det må foreligge tillatelse fra landbrukseiendommens eier til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nevnt i denne forskriftens § 4 og § 5.

Det kan ikke innvilges tilskudd til prosjekt eller tiltak på landbrukseiendommer som eies og drives av stat, fylke eller kommune med mindre tiltaket er et fellestiltak der en eller flere tilskuddsberettigede landbrukseiendommer er med.

Søker må oppfylle vilkår i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal føres journal over plantevernmidler som brukes, med opplysninger om navn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling og dosen som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet ble brukt på. Søker må videre ha kart over jordbruksarealene foretaket til enhver tid disponerer, samt andre arealer som foretaket disponerer eller som er av betydning for eller som er påvirket av jordbruksdriften. Kulturminner, områder som er viktige for biologisk mangfold, arealer med risiko for tap av jord og næringsstoffer og andre forhold av miljømessig betydning skal være kartfestet og beskrevet.

Dersom arealene er leid bort må søker likevel kunne dokumentere at vilkårene i første og tredje ledd er oppfylt.

Det kan settes vilkår for innvilgning av tilskudd til det enkelte prosjekt og tiltak. Frist for gjennomføring av prosjekt etter § 4 og tiltak etter § 5 er 3 år fra hvert tilskudd ble innvilget, med mindre kommunen har satt en kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikke ut over 5 år fra tilskuddet ble innvilget.

0 Endret ved forskrifter 16 feb 2015 nr. 126, 16 des 2016 nr. 1660 (i kraft 1 jan 2017).

§ 4. Tilskudd til planleggings- og tilretteleggingsprosjekter

Det kan innvilges tilskudd til prosjekter som leder fram til planer for konkrete tiltak som nevnt i § 5.

Tilskudd innvilges på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid.

Det ytes engangstilskudd med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

§ 5. Tilskudd til kulturlandskapstiltak og forurensningstiltak

Det kan innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som ivaretar natur- og kulturminneverdiene i kulturlandskapet. Det kan også innvilges tilskudd til gjennomføring av tiltak som bidrar til å hindre eller redusere forurensning eller risikoen for forurensning fra jordbruket.

Tilskudd innvilges på grunnlag av godkjente kostnadsoverslag for gjennomføring av tiltaket.

Det ytes engangstilskudd med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. For særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfold, kan det ytes tilskudd med inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

§ 6. Søknad og dokumentasjon

Kommunen kan fastsette søknadsfrist.

Det skal benyttes søknadsskjema som er utarbeidet av Landbruksdirektoratet. Foretaket skal vedlegge en plan der miljøtiltaket beskrives og kartfestes, og der det redegjøres for målene med prosjektet eller tiltaket.

Når prosjektet eller tiltaket er gjennomført, skal det sendes inn dokumentasjon på at det er gjennomført i henhold til vilkår gitt i vedtaksbrev.

0 Endret ved forskrifter 3 sep 2014 nr. 1144, 16 feb 2015 nr. 126.

§ 7. Utbetaling

Innvilget tilskudd utbetales etter skriftlig anmodning fra tilskuddsmottaker og når prosjektet eller tiltaket har fått godkjent sluttregnskapet. Det kan likevel foretas utbetalinger på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter hvert som deler av prosjektet eller tiltaket utføres. Minst 25% av tilskuddet holdes tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregnskapet er godkjent.

§ 8. Administrasjon, klage og dispensasjon

Vedtak om tildeling av tilskudd etter denne forskriften fattes av kommunen.

Kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt.

Vedtak fattet av kommunen kan påklages til fylkesmannen etter reglene i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kap. VI.

Fylkesmannen kan i særlige tilfeller dispensere fra reglene i denne forskriften.

0 Endret ved forskrift 16 feb 2015 nr. 126.

§ 9. Opplysningsplikt og kontroll

Søker av tilskudd plikter å gi alle opplysninger som kommunen, fylkesmannen, Landbruksdirektoratet eller Riksrevisjonen finner nødvendig for å kunne kontrollere at bruken av tilskuddsmidlene er i tråd med forutsetningene.

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan foreta stedlig kontroll.

0 Endret ved forskrifter 3 sep 2014 nr. 1144, 16 feb 2015 nr. 126.

§ 10. Omgjøring, tilbakebetaling og motregning

Vedtak om innvilget tilskudd kan omgjøres og utbetalt tilskudd kan kreves tilbakebetalt dersom det avdekkes forhold som er i strid med det som er forutsatt ved innvilgning av tilskuddet. Kravet kan motregnes i tilskudd som utspringer av mottakerens landbruksvirksomhet. Dersom tilbakebetaling ikke skjer innen den frist som blir gitt, kan det kreves forsinkelsesrenter i tillegg, jf. lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.v.

§ 11. Ikrafttredelse

Denne forskriften trer i kraft straks. Fra samme dato oppheves forskrift 1. januar 2000 nr. 1531 om investeringsstøtte til miljøtiltak, forskrift 7. mars 2000 nr. 213 om tilskudd til miljørettet omlegging av kornområder og forskrift 26. februar 1999 nr. 273 om tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygninger.